



Henning Larsen
Plankonsulent, Bremanger kommune
holmaneset@henninglarsen.com


Bremanger kommune på kopi:
post@bremanger.kommune.no.

Førde, 13.06.2023

Dette brevet er sendt på vegne avKVEN VIL VERE MED Å «SIGNERE»?

DNT Sogn og Fjordane Turlag, Fjordane Friluftsråd, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Fortidsminneforeningen avd. Sogn og Fjordane, Gloppen Padleklubb, Klatreklubbane ved Sogndal klatreklubb, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane krets av Norges Speiderforbund, Sogndal dykkarklubb, Sognefjorden Vel

Fråsegn til oppstart av detaljregulering av Holmaneset Plan-ID: 4648.202301 Utkast til innspel frå FNF Sogn og Fjordane



Figur 5
Holmaneset sett fra andre siden av fjorden. Foto: FFI.



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar
sognogfjordane@fnf-nett.no | Hafstadvegen 34, 6800 Førde | 481 32 684
organisasjonsnummer 912 265 722 | www.fnf-nett.no/sogn-og-fjordane

I medhald av plan- og bygningslova §12-8 er det varsla oppstart av arbeid med områderegulering for Holmaneset i Bremanger kommune, gnr/bnr 41/1, 41/8, 41/11 og 41/18. Planområdet ligg i Nordgulen, omtrent 8 km øst for Svelgen i Bremanger kommune i Vestland fylke, og er ca. 1349 daa stort. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for produksjon av grønt hydrogen og grønt ammoniakk i Noreg, for å kunne forsyne både den norske og den europeiske marknaden med grønt energi. Planlagt arealføremål er hovudsakleg industri og hamneområde i sjø. Forslagsstillar er Bremanger kommune og Norway Fortescue Future Industries AS, tiltakshavar er Norway Fortescue Future Industries AS, og plankonsulent er Henning Larsen Architects AS. Planen er underlagt krav om konsekvensutgreiing jf. plan- og bygningslova §4-2.

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Sogn og Fjordane meiner at prosjektet om Hydrogen- og Ammoniakkfabrikk på Holmaneset ikkje bør viderførast fordi vi meiner at:

- bruken av ordet «grøn» industri er sterkt misvisande i dette tilfellet
- fornybar-energi-kommunen Bremanger treng å verne meir verdifull natur
- utbygginga vil få store negative konsekvenser for viktige naturverdiar i området
 - o Sandbankane mellom holmane gir viktige leveområde for fiskeyngel
 - o Ålegras
 - o Tareskog
 - o Gamal kystfuruskog
 - o Boreal regnskog
- Utbygginga vil forringe friluftsområdet Holmaneset som er mykje brukt
- Vil forringe det visuelle i området rundt Svelgen som allreie er sterkt utbygd av ymse industri
- Det ikkje må byggast ut som industri sjølv om det er regulert for det frå gammelt av!
- Dei samla negative konsekvensar vil forringe Svelgen for framtidig busetting.

*Under vil vi argumentere for kvifor **vi ikkje** ynskjer Hydrogen-og Ammoniakkfabrikk på Holmaneset i Bremanger kommune.*

Kva kan ein kalle «grøn» industri?

Ifølge planomtalen er Svelgen valt ut som ein av få lokalitetar i Noreg som har moglegheit for å ha hydrogenindustri fordi det i Svelgen finst tilgang på «store mengder straum» der fornybar energi står i parentes¹. Store mengder straum trengst nemleg til slik industri og i Svelgen er denne straumen «grøn» fordi den kjem frå fornybare energikjelder som vass- og vindkraft. Industrien kan dermed kalle seg sjølv «grøn» og i planprogrammet blir dette gjennteke igjen og igjen; «Fortescue Future Industries med det norske datterselskapet Norway Fortescue Future Industries AS er et globalt grønt energiselskap som skal produsere utslippsfritt grønt hydrogen fra 100% fornybare energikilder.» Det høyrer jo unektleg bra ut i ei tid der klimakrisa må takast på alvor – også av oss i FNF! Samstundes har verda også ei naturkrise vi må ta omsyn til – det er kanskje blitt ein klisjé, men ikkje mindre sant er det at vi kan ikkje løyse klimakrisa ved å bygge ned naturverdiar, det vil berre forsterke konsekvensane av klimakrisa at viktig naturtypar og habitat forsvinn. Så, kor rett er det å kalle denne typen industri «grøn» når store naturverdiar må vike for produksjonen?

Det er snart knapt ikkje ein flekk igjen av området rundt Svelgen som ikkje er prega av industri.

I planomtalen står det at «I regjeringens veikart for grønt industriløft gis det en retning for en grønn industrioffensiv»¹. Bremanger kommune er allereie ein stor aktør innan fornybar energi og har brukt store naturområde i kommunen på å lage denne energien, og å bygge ut industri som bruker denne. Dei bidreg dermed allereie stort til å kutte klimagassutslepp og å bekjempe klimakrisa.

Men det går på bekostning av naturen. Og Noreg har som kjent signert ein Naturavtale som seier at vi som nasjon i tillegg til å bekjempe klimakrisa, skal verne om 30% av alt landområde i kampen mot naturkrisa og tap av viktige naturverdiar og biologisk mangfald². Denne naturavtalen er ikkje nemnd i planomtalen under (5.1) Overordna føringar¹. Korleis skal nasjonen fordele desse 30%. Vil ikkje kvar kommune ha eit ansvar for å bidra til å nå desse nasjonale måla også? Er det ikkje nok utbygging i Bremanger no, og kanskje spesielt i området rundt Svelgen?

Rundt den lille fjordarmen, der ein finn Svelgen innerst, kan ein skue utover store vassbasseng og vasskraftanlegg, vindmøllefelt på fjelltoppane og industri, som Elkem (produserer metallurgiske silisiumbaserte produkt og Bremanger Quarry (steinbrot). Er det andre kommunar som skal ta ansvaret om å verne natur, sidan Bremanger bidrar med fornybar energi? Eller bør Bremanger kommune også sjå sitt ansvar om å verne meir natur i sin kommune, og vil ikkje eit område som Holmaneset vere naturleg å bevare mtp. naturverdiane her mot nok eit industriområde?

Dessutan skal utbygging i strandsona i utgangspunktet vere – og er -strengt regulert³. Det er bestemt nettopp fordi man finn store verdiar her. Og desse bør takast omsyn til i planlegging av utbygging av store areal, som i dette tilfellet, det synes vi ikkje det er tilstrekkeleg gjort her.

I Arealdelen til Kommuneplanen i Bremanger kommune, som også er på høyring no, er det konsekvensutgreiia ei heilt anna utbygging i dette område og konsekvensane for naturverdiar, friluftsliv og strandområde tatt noko omsyn til, sjølv om det er regulert for næring⁴. Vi stiller spm. Ved at denne planen ikkje inkluderer denne nye områdereguleringa og tek for seg dei reelle konsekvensane av oppstart av planarbeidet for denne nye områdereguleringa.

Konsekvensar for naturverdiar på Holmaneset

Planomtalen skriv Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021) : «Retningslinjene skal bidra til at det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsonen og at unødvendig bygging langs sjøen unngås. Retningslinjene skal bidra til en geografisk differensiering gjennom planleggingen, og for planområdet skal utbygging bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold».

Det synes vi ikkje blir gjort her.

Vegetasjon

Det står i planomtalen at «Vegetasjonen i planområdet er typisk kystfuruskog» og «bunndekket består av røsslyng og kratt av einer. Pga. Holmanesets utsatte plassering i landskapet med tanke på vindforholdene, bærer vegetasjonen tydelig preg av dette. Naturtypen «regnskog» er registrert sørøst utenfor planområdet¹». Men eit raskt søk i Naturbase kart⁵ hos Miljødirektoratet viser at deler av

planområdet, Holmaneset nord og Holmaneset sør, er registrert som «Gammel furuskog med gamle trær» som har KU-verdi: «Stor verdi».

Bremanger har fleire lokaliteter med viktig gammel kystfuruskog og vil derfor ha eit spesielt ansvar med å ta vare på desse, ettersom dei, er kategorisert som viktige skogtypar⁶ i følge ein rapport frå 2018 av Miljøfagleg utredning sin samanfatning av kartleggingsarbeid på bestilling frå Miljødirektoratet.

Bevar viktige oppveksthabitat for fiskeyngel

I arealet rundt neste og homane, finst det ålegrassamfunn, noko også statsforvaltaren er klar over og ynskjer at utbyggar skal ta omsyn til dette. Grunna typografien i fjordarmene våre, er det viktig å ta vare på området med sandbankar. Der mykje av areala i fjordane våre er ekstremt bratt og gir dårleg grobunn for vegetasjon, er nes og holmar viktige habitat for ålegras, tareskogforekomster og blautbunnsområder i strandsona, der fiskeyngelen finn sine oppvekstområde. Spesielt viktig er slike område for yngelen til kysttorsken⁷, som er på sterk tilbakegang. Gulenfjorden er registrert som Regionalt viktig Gytefelt for Kysttorsk⁸, noko som gjer ålegrasenger på grunne sandbotner og tareskogar viktige habitat i fjorden, som oppveksthabitat for fiskeyngelen.

I tillegg, vil slike habitat gje matting til fugl og Holmaneset ligg veldig nær Tennøyane naturreservat, som tidlegare var eit reint fuglereservat⁹. Ved å ha eit slikt verdifullt område i kommunen er Bremanger forplikta til å bevare dette på best mogeleg måte (Jmf. Forskrift om vern av Tennøyane naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane). Fuglane som lev og hekkar på Tennøya er avhengig av eit stabilt miljø rundt dei for å trivst. Då med ro til å hekke, reine fjordar til å finne mat og eit stabilt miljø for framtidige generasjonar.

Det snart 20 år sidan kommunen innhenta ein rapport om biologisk mangfald, og noko av områda rundt Holmaneset ligg allereie innanfor hensynssone H560 for «Bevaring naturmiljø». FNF kjem difor med eit innspel om at kommunen bør undersøkje dagens forhold grundig, og vurdere verne Litleholmen, Meholmen, Storeholmen og holmesundet for framtidige inngrep. Dette vil vere heilt i tråd med FN's naturavtale og bærekraftsmål, og vise at Noreg er eit føregangsland som følgjer opp forpliktelsane sine til FN.

Konsekvensar for Friluftsverdiar på Holmaneset

Holmaneset stikk ut i fjordarmen «Nordgulen», og er eksponert med syn både utover og innover i fjorden, likens over til andre sida av fjorden til Dyrstad. Holmaneset ligg skjerna «bak» Meholmen og Storholmen (Naturbase kart), og det gjer området mellom neset og holmane lunt. Dette gjer området til eit mykje brukt friluftsområde, nytta av mange til rekreasjon. Området blir flittig brukt av dei som bur i Svelgen og dei som har hytte i området, til mange forskjellige aktivitetar som sportsfiske, utfart og fotturar. Området er registrert i Naturbase kart som «friluftsområde» av Svelgen sportdykkerklubb som brukar området mellom Holmaneset og nordlige delen av Storeholmen til dykking. Heile dette området vil forsvinne dersom Hydrogenfabrikken blir bygd. Det er umulig å kombinere natur- og friluftsverdiar med utbygging av denne fabrikk.

Uroa innbyggjarar

FNF Sogn og fjordane representere frivillige natur- og friluftslivsorganisasjoner som ynskjer urørt natur, å ta vare på naturverdiar for å ha natur å bruke og å nyte. Vi er også kontakta av uroa innbyggjarar og hyttefolk, som vil ta vare på eit flott friluftslivs- og naturområde i ein fjordarm som er omringa av storskala utbyggingar. FNF vil argumentere at å bygge ut friluftslivs- og naturområder som folk brukar og nyt, er dårleg for naturen i seg sjølv (eigenverdi), men heller ikkje særleg bra for folk som bur i Svelgenområdet og Bremanger generelt. Svelgen karakteriseres som et industrisamfunn, og i nærheten til planområdet ligger blant annet virksomheten Elkem (produserer metallurgiske silisiumbaserte produkter) og Bremanger Quarry (steinbrudd). I likhet med mange andre små tettsteder opplever Svelgen synkende befolkningstall, og søker å snu denne utviklingen ved å legge til rette for etablering av ny industri.

Natur og friluftslivsområder er god folkehelse. Denne utbygginga vil vidare forringe det visuelle i området rundt Svelgen som allreie er sterkt utbygd av ymse industri. Det vil forsterke allereie eksisterande lyd- og lysforureining i området og innbyggjarar har uttrykt frykt for at vidare nedbygging av natur vil forårsake fråflytting frå bygda. Selskapet informerte i sist kommunestyre om at området truleg vert opplyst heile døgnet, heile året. Risikerer ein eit kontinuerleg blinkande lys på toppen av tanken og? Ein skal ikkje undervurdere lysforureining. Eit blinkande lys på netthinna kvar gong ein ser ut fjorden vil vere direkte øydeggjande for både sinnsro, bulyst og tilflytting.

Men det er meir enn blinkande lys i horisonten som er urovekkjande, sjølv om det absolutt ikkje er til å kimse av. Ein er også uroa over denne type industri nær fjorden. Hydrogen kan vere eksplosivt og ammoniakk svært giftig om det skulle komme ut i fjorden. Det ville fått katastrofale konsekvenser for naturen, det marine økosystemet og folk i Svelgen. Naturreservatet Tennøyane vil då havne innafor sikkerhetssona som må leggest rundt området.

Sjølv om det er regulert for industri, betyr det ikkje at det må byggast ut!

Ifølge Holt og Winge, som er eit advokatfirma som har spesialisert seg på naturjuss, har kommunen all rett til å endre gamle planer eller fjerne dei, sjølv om det er regulert for industri¹⁰. Det er ei gjennomgåande frykt blant kommunar om at dersom ein ikkje bygger ut regulerte områder, så vil ein kunne havne i erstatningssaker. Dette stemmer ikkje. Det er *ikkje* slik at sjølv om eit område er regulert for industri/næring – så må dette området byggast ut som industri/næring eller så kan kommunen motta søksmål. Så lenge der ikkje er noko byggetillatelse, og bygging ikkje er begynt, kan kommunen endre planar. Det er til og med oppfordra til å rydde i gamle planreguleringar som ikkje har blitt utført på mange år og omregulere dei til nok som passar betre i dagens samfunn¹¹.

Dette er veldig relevant i Bremanger som parallelt med høyring om planprogram til områdereguleringa for Holmaneset har ute arealdelen for kommuneplanen på høyring. Desse to planane er som sagt tidlegare i dette innspelet, heller ikkje like – og den gamle reguleringa av Holmaneset er ikkje like omfattande som det foreslåtte planprogrammet for denne områdereguleringa for Hydrogen-/ammoniakkfabrikk. Holmaneset, seks kilometer frå Svelgen

sentrum, vart eingong regulert til mogleg industriområde, men planane som no vert lansert omhandlar ei mykje større utbygging enn berre Holmaneset. Dette er forvirrende saksbehandling og unødvendig då FNF meiner området bør tilbakeførast til LNF område og ikkje bli brukt til næringsutbygging i det heile.

I det nye planprogrammet snakkar vi om eit gigantområde like stort som 50 fotballbaner! I tillegg til utbygging på neset vert det store utfyllingar i sjø på den smalaste delen av fjorden, det vil merkast. For ikkje å snakke om at anlegget vil trenge straum, som vil krevje nye kraftlinjer! Og det vil trenge vatn so treng infrastruktur. I tillegg er vegen til og forbi Holmaneset av det smale slaget – og her trengst alvorleg utbygging av vegettet for å akkomodere for auka trafikk og større motoriserte køyretøy på desse vegane. Dette er ikkje med i arealplanen som no er ute på høyring.

Konklusjon

Dei samla negative konsekvensane for naturverdiar, friluftslivsverdiar og generell folkehelse og tryggleik for befolkningn i Svelgen gjer at FNF Sogn og Fjordane på vegne av våre organisasjonar frårådar at Hydrogen- og ammoniakkfabrikken blir utbygd på Holmaneset i Svelgen.

Med vennlig hilsen

Ket Fossen

Ket Fossen
Koordinator

Forum for natur og friluftsliv

Mobil 481 32 684 | www.fnf-nett.no
Hafstadvegen 34, 6800 Førde
Org.nr: 912 265 722



Referanser:

- 1: <https://bremanger.kommune.no/f/p2/id101cbe5-b889-47fe-8fa9-ec687486cbd9/planprogram-varsel-om-oppstart.pdf>
- 2: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/verdens-land-samlet-om-en-naturavtale/id2952178/>
- 3: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-differensiert-forvaltning-av-strandsonen-langs-sjoen/id2850282/>
- 4: https://bremanger.kommune.no/f/p2/ie5dd464b-cdb4-4555-9af6-b123f0a81b98/ku_rapport-samla-til-offentleg-ettersyn-2_gong.pdf
- 5: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>
- 6: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/naturvern/kartleggingsrapporter/2018---naturfaglige-registreringer-i-kystfuruskog.-sammenstilling-av-kartleggingsresultater.pdf>
- 7: <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-2>
- 8: https://open-data-fiskeridirektoratet-fiskeridir.hub.arcgis.com/datasets/fda9814faee1405594430c396a6edeadead_0/explore?location=61.831321%2C5.269404%2C11.00
- 9: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/1993-05-28-467>
- 10: <https://www.io.kommune.no/f/i3556f083-6e87-4120-b061-dac5152a25d2/09-kommunenenes-adgang-til-endre-arealplaner-holth-winge.pdf>
- 11: <https://www.holthogwinge.no/aktuelt-fra-holth-winge/>